



Fylkesmannen i Hordaland  
P.b 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2988 - 15/21392

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

28.11.2015

## GNBR 5/152 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Høyringsbrev

### Saka gjeld:

Ved søknad journalført 17.11.15 har Jorunn Britt Bjørndal-Hansen og Kaare A. Hansen søkt om dispensasjon for riving av eksisterande og gjenoppføring av nytt naust på gbnr 5/152 i Meland kommune.

Omsøkt naust er skildra gjennom dispensasjonssøknaden og vedlagte teikningar/illustrasjonar. Tiltakshavar har opplyst:

«Vi ønsker å rive nåværende naust og oppføre nytt naust med grunnflate på 30.4 m<sup>2</sup>, mønehøyde på 5.0 m. og loft med knevegg.

Naustet skal benyttes til vinterlagring av båt med utenbodsmotor, og fiskeredskap. I tillegg ønsker en å lagre 2 kajaker samt seil og utstyr tilhørende familiens 36" havseiler på u-innredet loft».

Det vert vist til vedlegga i sin heilskap.

### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 16.11.15 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

### Lov- og plangrunnlag:

Meland kommune vedtok ny kommuneplan 17.6.2015 som gjeld ved handsaming av saka. Eigedomen gbnr 5/152 er ein uregulert bygd fritidseigedom, som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) vist som framtidig område for bygg og anlegg i kategorien «naust». Riving og gjenoppføring av naust på eigedomen er ikkje i strid med arealformålet, men utforming og storleik på tiltaket krev dispensasjon frå føresegn 1.6.14 til kommuneplanen sin arealdel (KPA), som har følgjande ordlyd:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

«Naust skal vere bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>, og kan byggjast enkeltstående eller i rekke. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate. Mønehøgda kan vere inntil 5,0m målt frå gjennomsnittlig planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA). Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°. Tilhøvet mellom høgde og breidde kan maksimalt vere 1:1.»

Tiltaket er elles ikkje i strid med byggjeforbodet i strandsona og utløyser heller ikkje krav om reguleringsplan.

#### Dispensasjon etter pbl kap 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. i § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

I denne saka vil det vere omsynet til å bevare tradisjonell og sams utforming av naust i kommunen som må vurderast.

#### Førebels vurdering:

Etter administrasjonen si foreløpige vurdering er saka tilstrekkelig opplyst til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3). Kopi sendt tiltakshavar til orientering.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon fra reguleringsbestemmelser i kommuneplanføresegnene 1.16.14

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

**Vedlegg:**  
kart, foto  
teikningar

**Kopi til:**

Jorunn B Bjørndal og Kaare A  
Hansen

Haukedalsveien 5113  
113c

TERTNES

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland Fylkeskommune

P.b 7310 5020  
Regionalavdelinga 5020

BERGEN  
BERGEN